



## TYSNES KOMMUNE


Landbruk- og teknisk etat

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 71 15

Telefaks 53 43 71 01



Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsseksjonen

5020 BERGEN

UGGDAL, 05.03.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
15/174-1	1371/15	567	LT/FEL/IVER	

### **RULLERING TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2015 - SØKNAD OM TILSKOT**

Me syner til Dykkar brev av 17. februar der me blir orientert om at kommunane kan søka Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland om tilskot til utarbeiding eller rullering av kommunale trafikksikringsplanar.

Tysnes kommune fekk i år 2000 utarbeida sin trafikksikringsplan som blei vedteken i 2001 og som gjeld for perioden 2001 til 2004. Planen skal rullerast kvar 4. år i samband med rullering av kommuneplanen.

Arealdelen av kommuneplanen fekk først sin rullering i 2012, og det er gjort vedtak om å rullera Samfunnsdelen i 2016.

I mellomtida er det arbeida praktisk ut frå trafikksikringsplanen slik den blei vedtatt i 2001. Ein del av tiltaka er gjennomfør eller er under gjennomføring.

Sjølve planen blei på grunn av manglande resursar ikkje rullert i 2012.

Me erfarer etter kvart og ved mange høve at trafikksikringsplanen treng sårt til ein gjennomgang og ein rullering. Faktagrannlaget og statistikkar er utdaterte og ein del av problemstillingane er falle ut medan nye er kome til. Samtidig kjem det til ulike tider opp konkrete spørsmål om tiltak som ikkje står i tiltaksplanen, og som det burde søkast midlar til å få gjennomført.

Utfordringa til Tysnes kommune når det gjeld planarbeid er å tildela nok resursar - både personal- og økonomiske resursar – i dette tilfellet til å gjennomføra ei rullering av trafikksikringsplanen. Me legg derfor opp til å nytta konsulent i planarbeidet samtidig med å styra eigne resursar inn i arbeidet i den tida det tar. Me legg opp til ein prosess der det blir nedsett ei arbeidsgruppa på lik linje med den som var sett ned førre gongen.

Det er likevel ei målsetjing å sikra forankring av trafikksikringsarbeidet i større delar av kommunen enn det me tidlegare hadde.

**Gjennomføring:**

Konsulenten skal bidra med oppdatering av statistikk, innsamling av relevant data, utarbeiding av tiltaksliste med kostnadsberegning og utarbeiding av eit komplett planverk.

Tysnes kommune set ned ei arbeidsgruppe som skal saman utvikle ein ny trafikksikringsplan. Arbeidsgruppa skal utarbeide målsettingane for planverket og trafikksikringsarbeidet, som skal vere styrande for prosessen.

For å nå målsettingane må ein utarbeide ei tiltaksliste. For å kunne prioritere tiltaka, må det utarbeidast kostnadsoversikt til tiltaka.

Arbeidsgruppa vil utarbeide eit forslag til prioritering av tiltaka.

Det er kommunestyret i Tysnes kommune som endeleg vedtek planen og prioriteringane.

Arbeidsgruppa vil ta seg av det praktiske ved ein eventuell innsamling av data, som til dømes opplevd trafikktryggleik hjå innbyggjarane. Arbeidsgruppa tek seg av annonsering, høyringsprosess og politisk handsaming

**Budsjett konsulentarbeid:**

- Møter /synfaring
- Gjennomgang av eksisterande plan med tiltak
- Oppdatering av statistikk / endra faktagrunnlag
- Kartlegging av trafikktryggleik i kommunen
- Utarbeide forslag til tiltak og til ei prioritert tiltaksliste
- Fagleg utarbeiding av rapport, med blant anna kostnadsberegning av dei føreslegne tiltaka
- Samanstilling og distribusjon

**Kostnad: kr 200 000,-**


Tysnes kommune har som målsetting at planverket skal vere ferdig utarbeida i løpet av 2015. Me tar sikte på å handsama oppstart av planarbeidet i formannskapet i april 2015, og at arbeidet startar med å henta inn tilbud frå ulike konsulentar og nedsetting av ei arbeidsgruppe.

Ut frå normal innkjøpsprosedyre og den tida det tar tenker me å koma i gang med arbeidet før sumaren og reknar deretter med å arbeide systematisk for å utarbeide eit planverk som skal til handsaming i Tysnes kommunestyre før jul 2015.

Tysnes kommune søker med dette om kr 200.000 i tilskot for å rullera Kommunedelplan – Trafikksikring 2016 -2019.

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann



---

Ivar Erstad  
prosjektsjef

Kopi: